

Innspel budsjett 2026 – anonym

Hareid og nabokommunene har mange som ufrivilleg står utanfor arbeidslivet, men som vil og kan bidra på sine premissar. Samstundes er det ei stor utfordring å yte gode nok tenester i dei store områda oppvekst og omsorg når ein er veldig pressa på økonomi.

Ved å samarbeide med NAV og Furene (som Hareid er medeigar i) kan ein oppnå både arbeidsinkludering og avlasting slik at lærarar, sjukepleiarar og anna nøkkelpersonell får meir tid til å utøve sine primæroppgåver der deira kompetanse er naudsynt. Dette vil gi ei økonomisk innsparing og ein betre arbeidskvardag for fleire.

Uansett kva yrke du har, så går delar av arbeidstida til oppgåver som utan risiko kan settast til andre. Der er mange dømer på dette andre stadar i landet.

Hareid kommune bør snarast gå i dialog med NAV og Furene.